



Det første Helgheim frå 1902 – teikna av Johannes Wang.

Når det torsdag skal haldast stordugnad på Helgheim som eit ledd i ei omfattande oppussing, ken det vera på sin plass med litt historisk mimring. Det er lange historiske trådar som blir nøsta vidare.

Faktisk er det no 105 år sidan den aller første Helgheim-dugnaden, for den var i 1902! Då vart den gamle skulestova flytt tvers over vegen og gjeve ein ny funksjon og 12. desember vart bygdas første forsamlingshus vigsla av pastor Nils A. Andersen. Namnet vart Helgheim etter framlegg frå doktor Vangsnes.

Men huset tok ikkje fleire enn 150 menneskje og hadde ikkje matsal. I 1934 vart det nye Helgheim vigsla medan det gamle vart til forsamlingshuset Vonheim oppe i dalen. Seinare er huset påbygd/restaurert i 1963 og modernisert i 1988. Det er teikna av Bjarne Meidel og gjeve ein klassisk stil – som kan tolkast som ein reaksjon mot drake- og sveiserstilen.

Det er også eit poeng at tre av dei fire av som stod i brodden og bygde Helgheim i 1933 heitte Eik med Abel, Samson og Nils til fornamn. Den fjerde var Johannes Wang. som leidde byggjinga. I dag heiter dugnadsbasen også Eik, med Audun til fornamn! 6500 frivillige dagsverk vart lagt ned den gongen og huset kom på 11.000 kroner.

Tilslutt berre dette: Du møter vel fram på dugnaden ?
Det er viktig å ta godt vare på Helgheim også i eit nytt århundre.

Av Ola Matti Mathisen.